

---

Til: : Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022-2033 - tema bru, ferjekai og hurtigbåtkai

### **Bakgrunn**

Regional transportplan 2022 - 2033 er det øvste plandokumentet for den langsiktige utviklinga av transportsektoren i Vestland. Planprogrammet til RTP viser til behov for utgreiing av fleire tema som underlag for RTP med handlingsprogram. Fylkesdirektør infrastruktur og veg (INV) vil med dette notatet orientere om framlegging av kunnskapsgrunnlag for bruer, fylkesferjekaier og hurtigbåtkaiar.

Det vert presisert at dokumentet har endra namn frå «handlingsprogram» til «kunnskapsgrunnlag» for å skilje dokumentet tydeleg frå handlingsprogrammet til RTP. Kunnskapsgrunnlaget er lagt ved denne saka.

I planprogrammet til RTP er det definert følgjande behov for utgreiing av tema bruer og kaier:

*«I samband med utarbeiding av RTP skal det utarbeidast eit fagleg grunnlag som synleggjer etterslepet for bru og kai, og utarbeidast ein prioritert liste for utbetring av dei bruene og kaiene med størst behov for tiltak.»*

I hovudutvalsmøte 25.11.2020 vart prinsipp for vidare arbeid vedteke i sak PS 97/2020:

1. *Hovudutval for samferdsle og mobilitet stiller seg bak dei prioriteringskriteria som vert lagt til grunn for arbeidet med handlingsprogrammet, med særskilt fokus på bruer med høg skadeprioritet, samt store bruer og bruer med spesielt vedlikehaldsbehov. Utvalet sluttar seg også til at prioriteringskriteriet for ferjekaier vil vere fare for at kaien (og dermed sambandet) vert stengt.*
2. *Hovudutval for samferdsle og mobilitet er sterkt uroa over det store vedlikehaldsetterslepet på bruer og ferjekaier. Staten må bidra med auka løyvingar til fylkeskommunen for å redusere dette forfallet.*

Nedanfor er det gitt ei orientering om arbeidet som er gjort knytt til tema fylkesvegbruer, fylkesferjekaier og hurtigbåtkaiar.

### **Bruer og andre berande konstruksjonar**

Vestland fylke har totalt 2 071 bruer og berande konstruksjonar som det går trafikk over. For å kunne føreslå kva rekkjefølgje fylkesvegbruer og ferjekaier skal oppgraderast/vedlikehaldas er det behov for eitt sett med kriterium for prioritering. I sak PS 97/2020 vart det vedteke at følgjande kriterium skal leggast til grunn for prioritering:

- Skadeprioritet 9 -16 B (bereevne), V (vedlikehald) eller T (Trafikksikkerheit), jf. handbok V441 Bruinspeksjon.
- Fare for brot i veglenker
- Årsdøgntrafikk

Det er registrert 778 trafikkerte bruer på fylkesvegnettet som kjem inn under desse kriteria. Kva bruer som vert tilrådd prioritert i handlingsprogrammet for perioden 2022-2033, er gitt i kunnskapsgrunnlaget. Tiltaka har alle ein kostnad på over 3 mill. kr, og gjeld både vedlikehald og full utskifting med ny bru. Samla kostnad for tilrådde tiltak er om lag 860 mill. kr.

Mindre tiltak, med kostnad opptil 3 mill. kr, inngår i samlekontraktar for bruvedlikehald. I kunnskapsgrunnlaget er det lagt ved ei oversikt over kva bruer (51 stk.) som er prioritert i bruvedlikehaldskontraktane i perioden 2021-2023.

Det totale forfallet på fylkesvegbruer er anslått til om lag 3,5 mrd. kr.

#### **Ferjekaijer og landareal**

Vestland fylke har totalt 76 ferjekaijer på fylkesvegnettet. 9 av desse er definert som nedlagd/sperra, men må likevel inspiserast og vedlikehaldas.

Det har vore ei stor utvikling på ferjer dei siste åra, og mange av ferjekaiene er ikkje tilpassa dagens ferjer. Vi får større ferjer, og krav til elektrisk drift. Dette er det mange av ferjekaiene på fylkesvegnettet som ikkje er rusta for. Det er og behov for eit generelt løft av kvaliteten på landarealet på mange av ferjekaiene i fylket, særleg når det gjeld tilhøva for mjuke trafikantar og universell utforming.

Følgjande kriterium er lagt til grunn for forslag til prioritering av tiltak på ferjekai, jf. sak PS 97/2020:

- fare for at kaien (og dermed sambandet) vert stengt.
- kritisk år for tiltak

I kunnskapsgrunnlaget er det gitt ei oversikt over dei 15 høgast prioriterte ferjekaiene med kritisk år for tiltak, og kor kritisk kaia er for tilpassing til ferje på sambandet. Total kostnad for prioriterte tiltak på ferjekaiene er vurdert til om lag 114 mill. kr.

I tillegg vert det tilrådd å sette av om lag 65 mill. kr for oppgradering av landareal knytt til ferjekai. Følgjande kriterium er lagt til grunn i forslaget til prioritering av tiltak på landareal:

- trafikktryggleiksutfordringar, særleg for mjuke trafikantar
- høgt trafikkvolum
- framkomst for rutebuss

#### **Hurtigbåtkaijer**

Hurtigbåtrutene i Vestland trafikkerer om lag 150 kaiar. I samband med anbodsutlysing av hurtigbåtruter, er det eit løypande arbeid med å kartlegge hurtigbåtkaiene som vert nytta i den fylkeskommunale ruteproduksjonen, beskrive t.d. utforming, funksjonalitet, konstruksjon, dimensjonering og utrustning, identifisere behov for tiltak og avklare drift- og vedlikehaldsansvar.

Med utgangspunkt i det som til no er kartlagt, er det venta at det totale behovet for utbetring vil vere minst 40 millionar kroner.

Sidan dei fleste hurtigbåtkaiene er i eit leigeforhold, er det fleire måtar å finansiere naudsynte tiltak på. Nokre tiltak kan vere regulert i leigeavtaler, og det kan vere andre brukarar av kaianlegget som kan bidra. Det vil i enkelte prosjekt vere aktuelt med direkte tilskot, medan det i andre prosjekt er meir naturleg å regulere det inn i leigeavtala over fleire år. Slike spørsmål må det konkret takast stilling til i drøftingar med utleigar.

Kva tiltak som skal prioriterast og kor mykje midlar som må til, vert å kome tilbake til i komande budsjettprosessar og rullering av handlingsprogram. Tiltak knytt til tryggleik og universell utforming vil ha høg prioritet.

Fylkesutvalet har i vedtak i sak 201/2020, den 29.oktober 2020 slutta seg til rådmannens tilråding om å flytte seglingsleia for ekspressbåtane mellom Selje og Bergen frå Krakhella til kommunesenteret Hardbakke. Det vert tilrådd å greie ut nærmare korleis tiltaket med ny hurtigbåtkai på Hardbakke kan realiserast. Til dømes må finansieringsmodell, samarbeidspartnarar og kostnadsbereking for aktuelle løysingar vurderast.

#### **Vidare arbeid**

Kunnskapsgrunnlaget skal tene som fagleg grunnlag for vidare arbeid med RTP. RTP med handlingsprogram skal handsamast i hovudutval for samferdsel og mobilitet i mai og i fylkesutvalet i juni 2021 - for deretter å sendast på høyring. Endeleg handsaming skjer i fylkestinget i desember.

**Vedlegg**

- 1 Kunnskapsgrunnlag for RTP 2022-2033 - tema bru, ferjekai og hurtigbåtkai